

Aktivitetsplan 2007

Dato	Arrangement	Komite
15. jan	Vaskedugnad Fj. T.	
16. - 18. feb	Øvingshelg:	
27. mar	Årsmøte:	
31 mar - 1. apr	Øvingshelg / konsert	- Idar
12. mai	Dugnad	
17. mai	Marsjering	
2. jun	Dugnad	
8. -10 juni	Øving speling i Måløy	- Eirik
21. aug	Øvingsstart:	
8.-9. sept	Prosjekt drømmekonsert	- Idar
28. okt	Basar:	
16. - 18. nov	Øvingshelg:	- Idar
2. des	Julegrantenning	
16. des	Julekonsert	
28. des	Juletreff	
5. jan	Nyttårskonsert.	- Idar
Helga før NM	Øvingshelg	- Idar eller Eirik
Feb (andre helga)		NM - Idar eller Eirik



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss VANNRETT
 1 Årstid
 5 Orkan
 6 Pronomen

LODDRETT
 1 Skinn
 2 Trene
 3 Furten
 4 Tall

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 2

14. årgang

Laussal: Gratis

Februar 2007

Årsmøte 2007

Tirsdag 27. mars

2007 klokka 20.30

Det blir med dette kalla inn til

årsmøte i Torskangerpoll

Musikklag i Frelsesarmeen - Måløy.

Det blir behandla ordinære

årsmøtesaker som valg, rekneskap, budsjett og innkomne saker.

Saker til til årsmøtet må vere styret

skriftleg i hende før 13. mars 2007

Betalande aktive medlemmer har stemmerett

**Helsing styret i
Torskangerpoll Musikklag.**



www.torskangerpoll.no



Det var då, det.....

Her kan vi vise fram eit eldre korpsbilde frå ca. 1975 som ligg i Johan Wåge sitt rikhaldige fotoarkiv.

Framme f.v.: Rune Færestrand, Alfred Færestrand, John Wåge, Johannes Torskangerpoll, Jon Oppedal, Inge Sandvik, Bjarte Færestrand, Asbjørn Færestrand.

I midten f.v.: Arne Torskangerpoll, Audun Færestrand, Arne Øvrelid, Sigrid Torskangerpoll, Johan Wåge, Bjørn Oppedal, Leif Bergesen.

Bak f.v.: Helge Oppedal, Audun Torskangerpoll, John Øvrelid, Kåre Wåge, Asbjørn Wåge, Magnus Wåge.

Har andre artige gamle bilder av kjende folk eller situasjonar frå eldre tider, så send gjerne til Vredens Gnag ved formann Johan Einar Wåge.



Trufaste støttespelarar er gått bort

To truaste støttespelarar har gått bort. Ingolv Oppedal (t.v.) har alltid hjelpt korpset på mange område. Han døde torsdag 18. januar. Johannes Torskangerpoll har vore aktiv i korpset. Han døde mandag 12. februar. Vi lyser fred over minna deira.



Ei kort orientering om styret sine tankar bak årsplanen:

I og med at vi har kome med på drømmekonserten, hadde styret eit møte med NMF sin representant Øyvind Storheim i Måløy den 2. februar. Ut frå det som kom fram på møtet, legg vi opp til ein spektakulær og spesiell utekonsert i Torskangerpoll laurdag 8.

september. Norsk tipping og NMF vil stå bak oss. Orientering om dette vil bli gitt på ei øvng. Idar har sagt ja til å vere musikkalsk leiar for prosjektet.

Styret vil og arbeide for at vi bestemmer oss for å delta på NM brass 2008. Slik det ser ut no vil vi ha besetning til det, og stykket som vil bli valt vil bli presentert på øvingshelga i februar. Det stykket er og tenkt frå styret si side å vere eit element i nyttårskonserten neste år.

Styret har kontakta både Eirik og Idar, som vil samhandle og komme forslag til til stykke dersom det blir NM deltaking. Idar vil ilag med Øyvind Storheim og styret vere hovudarkitekt for Drøm-konserten. Vi ynskjer å klarere årsplanen med medlemmane snarast. Vi håper det kan bli eit utfordrande og kjekt år med litt nye opplevingar i TPM. Merk difor av dei aktuelle datoane i din kalender og set av tid. For styret; Johan



Sterke prestasjonar: Kjølsdalen Musikklag (bildet under) gjorde ein sterk prestasjon under NM for Brassband, og kom på ein flott andreplass i 4. divisjon. Jølster Musikklag vann 2. divisjon, og rykkjer opp i 1. divisjon. Helene Færestrand (t.v.)



og Rune Vedvik frå Måløy, som spelar i Krohnengen Brassband, var med å vinne sølv i den øvste divisjonen. Idar Torskangerpoll Dirigerte Langhus Brass, og dei vann 4. divisjon med eit musikkverk som Idar har komponert. Sterkt.

